

Arkitekten: - Forstår ingenting!

10.01.2008

- Eg forstår ingenting av dette, seier arkitekt Magne Ivarsøy i ein kommentar til meldingane i uskedalen.no om at skulen i Uskedalen ikkje har vore godkjend etter ombygginga frå gymsal til klasserom og at det no er søkt om godkjenning både for dette og for skulen i det heile..

- Skuleombygginga vart etter mi meining godkjend for vel to år sidan. Eg har nemlig ferdigattest underskreven av Jon Harald Kjærland 14. desember 2005 og sendt til teknisk etat ved Magne Øyre, fortel Ivarsøy.

- Så her kan det i det siste ha vore ei omfattande byråkratisk verksemd heilt utan grunn?

- For meg ser det slik ut. Eg sender i hvert fall no "heile pakka" til rektor Vidar Haugland så får han ordna opp i det, seier arkitekten.

Av Ola Matti Mathisen